



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad:	Teams
Dato:	28.11.2025
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 29/2025	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 30/2025	Referatsaker		
RS	Informasjon - skadefelling og lisensfelling i verneområder - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2025/12004
RS	Rapport - passasjertal 2025 - Jotunheimen NP - Drift av rutebåten på Gjende - Gjendebåten AS		2019/18641
RS	Høring - regionale føringer for sol- og vindkraft - Innlandet - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2025/11394
RS	Orientering - hovedprosjekt - reiseliv og forvaltning - en pilot i Innlandet - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2025/12834
RS	Tilbakemelding - Avslutta sak - verneforskrift for nasjonalparken - Jotunheimen NP - minnesmerke - Besseggen		2025/11322
RS	Vedtak Utladalen landskapsvernområde - Vedtak om oversending av sak for oppfølging etter naturmangfaldlova § 74	X	2025/5569
RS	Referat frå møte - 12.09.25 - Rådgjevande utval - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Klingenberg hotel, Årdal kommune		2023/15410
ST 31/2025	Delegerte vedtak		
30/2025	Delegert sak - dispensasjon - Utladalen LVO - transport av materialar og utstyr - Vettisvegen - stiarbeid - Per Mundhjeld		2025/9789
31/2025	Delegert sak - dispensasjon - Utladalen LVO - uttransport av vaier og gjerdestolpar - Vettisvegen - Utladalen nasjonalparksenter		2025/9843
32/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - helikopter - beredskapsøvelse - Bøverbrean - Stiftelsen Norsk Luftambulanse		2025/9802
33/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - drone - filmprosjekt om vassdragsnatur - The SOS Project - Vegard Byrkjeland Aasen		2025/9852
34/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - el-sykkel - Vettisvegen - filmproduksjon - Nordisk Banijay		2025/10181
35/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - minigravar - transport på Koldedalsvegen - drenering rundt hytte - Hydro Energi AS		2025/10240
36/2025	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2025 - Forlenging av dispensasjon -		2025/10240

	Bruk av minigravar og transport på Koldedalsvegen - Hydro Energi AS	
37/2025	Delegert sak - dispensasjon - Utladalen LVO - bruk av bil - persontransport - materialer og utstyr - Vettisvegen - rehabilitering på Lauvhaugen gard - Lars Ove Skorpen - Sunde Resirk	2025/10439
38/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - snødekt mark - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening	2025/10855
39/2025	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2026-2027 - Transportplan for ombygging av brygge ved Gjendebu - Gjendebåten AS	2024/4772
ST 32/2025	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midlar til tiltak i verneområde - naturrestaurering - SNO-ressursar - 2026	2025/11936
ST 33/2025	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026-2029 - helikopter - snødekt mark - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA	2025/10782
ST 34/2025	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Badestamp - Lauvhaugen gard - 2025 - Lars Ove Skorpen	2025/12083
ST 35/2025	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - drone - filming på Gjende - Film in Norway AS	2025/12396
ST 36/2025	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2025 - Riving av eksisterande bru og oppføring av nye bru - Gravdøla - Årdal Turlag	2025/12291
ST 37/2025	Jotunheimen NP - dispensasjon - 2026 - omlegging av vinterløype Glitterheim - Memurubu - DNT Oslo og Omegn	2025/13093
ST 38/2025	Eventuelt	

ST 29/2025 Godkjenning av innkalling og dagsorden
 ST 30/2025 Referatsaker
 Informasjon - skadefelling og lisensfelling i verneområder - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2025/12004
 Rapport - passasjertal 2025 - Jotunheimen NP - Drift av rutebåten på Gjende - Gjendebåten AS 2019/18641
 Høring - regionale føringer for sol- og vindkraft - Innlandet - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2025/11394
 Orientering - hovedprosjekt - reiseliv og forvaltning - en pilot i Innlandet - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2025/12834
 Tilbakemelding - Avslutta sak - verneforskrift for nasjonalparken - Jotunheimen NP - minnesmerke - Besseggen 2025/11322
 Vedtak Utladalen landskapsvernområde - Vedtak om oversending av sak for oppfølging etter naturmangfaldlova § 74 2025/5569
 Referat frå møte - 12.09.25 - Rådgjevande utval - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Klingenberg hotel, Årdal kommune 2023/15410
 ST 31/2025 Delegerte vedtak
 30/2025 Delegert sak - dispensasjon - Utladalen LVO - transport av materialar og utstyr - Vettisvegen - stiarbeid - Per Mundhjeld 2025/9789
 31/2025 Delegert sak - dispensasjon - Utladalen LVO - uttransport av vaier og gjerdestolpar - Vettisvegen - Utladalen nasjonalparksenter 2025/9843
 32/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - helikopter - beredskapsøvelse - Bøverbrean - Stiftelsen Norsk Luftambulans 2025/9802
 33/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - drone - filmprosjekt om vassdragsnatur - The SOS Project - Vegard Byrkjeland Aasen 2025/9852
 34/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - el-sykkel - Vettisvegen - filmproduksjon - Nordisk Banijay 2025/10181
 35/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Utladalen LVO - minigravar - transport på Koldedalsvegen - drenering rundt hytte - Hydro Energi AS 2025/10240
 36/2025 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2025 - Forlenging av dispensasjon - Bruk av minigravar og transport på Koldedalsvegen - Hydro Energi AS 2025/10240
 37/2025 Delegert sak - dispensasjon - Utladalen LVO - bruk av bil - persontransport - materialer og utstyr - Vettisvegen - rehabilitering på Lauvhaugen gard - Lars Ove Skorpen - Sunde Resirk 2025/10439
 38/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Jotunheimen NP - snødekt mark - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening 2025/10855
 39/2025 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel 2026-2027 - Transportplan for ombygging av brygge ved Gjendebu - Gjendebåten AS 2024/4772

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2025/12311-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 21.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	32/2025	28.11.2025

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - midlar til tiltak i verneområde - naturrestaurering - SNO-ressursar - 2026

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vil med utgangspunkt i den store ferdselen i Jotunheimen, samanlikna med andre nasjonalparkar, be om at tildeling av tiltaksmidlar også må reflektere besøkstalet og graden av ferdselslitasje på stinettet i dei ulike verneområda.

Nasjonalparkstyret søker om tiltaksmidlar for 2026 via elektronisk søknad til følgjande tiltak:

Midlar til arbeid i nasjonalparkstyret og rådgjevande utval

Det blir budsjettert med midlar til inntil fire fysiske møte i nasjonalparkstyret i 2026. Eitt av møta er samordna med møte i Rådgjevande utval. Styret tek stilling til om ein også skal arbeide for å få til ein studietur i 2026, og søke om midlar til dette.

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Vedlikehald og fornying av tiltak ved innfallsportane (informasjonstavler, m.m.)
- Oppdatere og tilpasse dei besøksretta heimesidene, www.jotunheimen.info, ved behov

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen.

- Større tiltak på Bessegg-stien opp frå Memurubu blir søkt gjennomført over 2-3 år, med oppstart i 2026. Planlegging skjer på grunnlag av forprosjekt gjennomført av Lom fjellstyre i 2025, etter tilråding frå Stiskulen i Miljødirektoratet. Tiltaket er arbeidskrevjande og får høg kostnad pga behov for ein god del transport av grus og stein med helikopter.
- Utlekking og montering av halvklovningar på strekningar med slitasje/erosjon frå brua Morka-Koldedøla – utsiktspunktet ved Vettisfossen – Vettismorki.
- Vedlikehald og førebyggjande tiltak på andre stiar om det oppstår behov.

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg (budsjett overført frå SNO til forvaltninga frå 2026):

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrte beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Øvre Utladalen
- Styrte beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år, i tråd med tilråding frå Miljøfaglig utredning. Det var slått i 2024 og neste gong blir dermed i 2026.

Forvaltningsplan

- Auke kunnskapsgrunnlaget – jf. pågåande arbeid med revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi.
- Registrering av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet i Naturoppdrag

Andre tiltak

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak. (Utsiktsplattform Vettisfossen, Utkikkspunkt Sognefjellet, utedo og søppelstativ Veodalen, tavler ved innfallsportane).
- Ferdselsteljarar blir sett opp på følgjande plassar i 2026:
 - Teljarar med direkte avlesing: Knutshøe, Skagastølsdalen, Veslløyfte, Galdhøpiggen (på Juvflye eller frå Visdalen – etter nærare vurdering)
 - Enkle teljarar: Vettisfossen nede, sti frå Vetti opp mot Vettismorki og utsiktspunkt mot fossen, Jostigen, anlegg ved Sognefjellshytta

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i 2026, etter at Miljødirektoratet har vedteke tildeling av midlar. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Etablert skjøtsel av kulturlandskap i Utladalen og ved Gjendebu er planlagt vidareført.

Ønskte tenester frå SNO:

- Ansvar for arbeidet med fagmessig skjøtsel av styvingstre i Utladalen.
- Rettleiing og oppfølging av skjøtelsarbeid på kulturmark i medhald av plan i Utladalen.
- Rettleiing og deltaking ved slått av seterkve ved Gjendebu.
- Oppfølging av ferdselsteljarar i Jotunheimen og Utladalen.
- Skilting: Standard skilt (drone, forbod mot el-sykkel osv.) på aktuelle innfartsårer. Ettersyn og supplering av løveskilt. Oppsetting av informasjonsskilt om ferdselsråd i villreinområdet.
- Oppfølging av tiltak på stinettet på Vettismorki med praktisk rettleiing ved oppstart.
- Kartlegge behov for utbetringar på stinettet.
- Følgje med på utviklinga i Utladalen når det gjeld almesjuke og bidra i førebuing av ev. naudsynte tiltak som kartlegging.

Sekretariat

Nasjonalparkstyret viser til at sekretariatsbudsjettet må vera på eit slikt nivå at forvaltarane får utført pålagte oppgaver, i samsvar med intensjonane i forvaltningsmodellen og i tråd med styrevedtekter og stillingsinstruks for forvaltarane som føreset kunnskapsbasert forvaltning. Vi vil særleg peike på forventninga om at nasjonalparkforvaltninga skal ha god dialog med kommunar, rettshavarar, grunneigarar og andre aktørar i og ved verneområda, og at arbeidet med skjøtsel, tilrettelegging og oppfølging av konkrete saker krev at forvaltarane har rom for å gjennomføre nødvendige synfaringar og møte. Forvaltarane skal også ha moglegheit for å delta på regionale og nasjonale samlingar for forvaltarane, og det er også behov for kompetansehevande tiltak. Dette betyr at dei respektive statsforvaltarne må setja av tilstrekkeleg budsjett for reiser o.a.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 27.10.25 frå Miljødirektoratet - *Føringar for forvaltningsmyndighetene for verneområder - tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026*. Vedlegg: - *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030)*
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Lom fjellstyre – *Rapport Stiltrettelegging Memurubu og Gjendeområdet 2025* – Tilde Øyjordet

Saksopplysningar

KLD sin handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda og brev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidler dannar ramma for tiltak det kan søkast om. Utdrag av informasjonsskriv av 27.10.25 frå Miljødirektoratet om rammer for tildeling 2026:

«Målet for bruken av midler til tiltak i verneområder er at naturtilstanden opprettholdes eller bedres. Miljødirektoratet legger Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030) til grunn for tildeling av midler, se vedlegg 1. - - -

Alle tiltak i verneområder skal prioriteres i tråd med Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030) og skal i utgangspunktet være forankret i godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller tilsvarende plan for arbeidet. - - -

Det kan tildeles midler til kartlegginger og andre nødvendige utredninger som er direkte knyttet til tiltak.»

Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde er revidert og gjeld for 2026-2030.

Miljørettsprinsippa i naturmangfoldlova gjeld for tiltak i verneområde og for naturrestaurering. *«De miljørettslige prinsippene (§§ 8 til 12) i naturmangfoldlovens kapittel II skal legges til grunn ved myndighetsutøvelse som berører naturmangfold. For at det skal komme frem tydeligere hvilke vurderinger som er gjort forut for søknader om midler til tiltak, skal forvaltningsmyndighetene synliggjøre vurderingene av miljørettsprinsippene ved innmelding av behov for midler til tiltak som kan berøre naturmangfold. Når en beslutning har utelukkende positiv effekt for naturmangfold, er det ikke nødvendig å bruke prinsippene. Vi ber om at det gis en kort oppsummering av vurderingen i merknadsfeltet ved utfylling av skjema i elektronisk søknadssenter og at eventuell utfyllende beskrivelse av vurderingene legges ved som vedlegg til tiltaket. Vurderingen etter prinsippene skal være forholdsmessig til tiltakets omfang og påvirkning på naturmangfoldet. I henhold til KLD sin veileder om naturmangfoldloven kapittel II, er det ikke nødvendig å henvise til hvert enkelt prinsipp, men vi ønsker at det kommer frem hvilke vurderinger som er gjort.»*

Nasjonalparkforvaltar melder inn behov for midlar til tiltak i Elektronisk søknadssenter (ESS) innan fristen 09.01.2026, og vil på bakgrunn av innmeldinga få ei rammetildeling på nyåret. Nasjonalparkstyret gjer vedtak om prioriteringar mellom innmeldte tiltak når tildelinga er klar. Det har i saksførebuinga vore planmøte mellom forvaltarane og lokalt SNO i Årdal 13.11.25. SNO følgjer opp ferdselsregistreringar og gjev rettleiing om kulturmarksskjøtsel, og kan via bestilling av oppdrag bidra med andre tiltak. Bestilling av SNO-tenester skal skje ved innmelding i Naturoppdrag.

Merknad: Skjøtsel av kulturmark i Jotunheimen og Utladalen gjeld etablerte fleirårige tiltak, og har fram til nå vore innmeldt som tiltak under SNO sitt ansvarsområde. Etter møte med SNO v/ Raymond Sørensen og Stein Windingstad 09.11.25 kom ein fram til at også skjøtsseltiltak blir lagt inn under styrebudsjettet og fylgd opp av nasjonalparkforvaltarane. SNO vil bidra med fagleg rettleiing på skjøtsel generelt og ha ansvar for gjennomføring av spesialarbeid som styving.

Nasjonalparkforvaltarane og SNO vil i møtet orientere nærare om tiltak og gjennomføring.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 19.01.2024.

Overordna føringar

Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030) frå Miljødirektoratet gjev føringar for bruk av midlane som er sett av på statsbudsjettet. Utdrag av strategien:

«Innledning

Regjeringen vil bevare et representativt utvalg av norsk natur for kommende generasjoner, og en god forvaltning av verneområder er viktig for å kunne nå dette målet. Målet med forvaltningen av verneområder er å redusere trusler mot verneverdiene slik at verneformålet ivaretas. Tiltaksmidlene fordeles på bakgrunn av dagens trusselbilde og har som formål å ivareta, eller forbedre tilstanden i verneområdene. Midlene prioriteres derfor høyt til tiltak som virker avbøtende på negative påvirkningsfaktorer der verneverdiene er truet.

Klimaendringene forventes å gi økt stress for mange av artene og naturtypene i verneområdene og kan gi endringer i sammensetningen av arter. For å minimere de negative effektene av klimaendringer på verneverdiene, må andre negative påvirkninger begrenses mest mulig. Eksempler på dette er gjengroing, forstyrrelser og forurensning. I tillegg bør forvaltningen av verneområder ta ekstra hensyn til effekter av klimaendringene i planlegging av tiltak. Skjøtselstiltak, som fjerning av fremmede arter, må for eksempel antas å øke i omfang som følge av klimaendringene, og planlegging av tilretteleggingstiltak som etablering av stier og broer, må ta høyde for økte nedbørsmengder med påfølgende flom- og rasfare.

Tiltaksposten – Statsbudsjettets kap./post 1420.31

Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområder, tiltak for villrein og naturrestaurering, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett og har i de siste årene økt. I forslaget til statsbudsjett for 2026 (Prop.1S (2025-2026) står følgende:

Midlene til verneområder og nærområder til verneområdene går til skjøtels- og tilretteleggingstiltak og andre tiltak som er nødvendige for å ta vare på verneverdiene, til informasjonstiltak og til utredninger som er nødvendige før tiltak. Skjøtselstiltak blir utført for å bedre naturtilstanden og for å sikre at viktige naturtyper og arter ikke går tapt. Tilretteleggingstiltak omfatter blant annet opparbeidelse av stier, klopping og merking for å bedre tilgjengeligheten i verneområdene og samtidig styre ferdsele i og rundt sårbar natur. Informasjonstiltak i alle typer av verneområder blir utarbeidet i tråd med merkevaren for Norges nasjonalparker. Alle tiltak i verneområder skal prioriteres i tråd med Miljødirektoratets Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026–2030) og skal i utgangspunktet være forankret i godkjent forvaltningsplan, skjøtelsplan, besøksstrategi eller tilsvarende plan for arbeidet.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene. - - -

Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler

Klima- og miljødepartementet har bedt om en styrket ivaretagelse av verneverdiene i verneområdene. Bedring av tilstanden i verneområder, slik at antall truede verneområder reduseres, vil derfor ha fokus. De største negative påvirkningsfaktorene er fremmede arter, gjengroing, forstyrrelse av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon, se figur 1.




Fig 1. Trusselfaktorer i verneområder pr 01.10.2025. Kilde: faktaark om verneområdet i Naturbase

Ved fordeling av midler til skjøtsel og besøksforvaltning, skal tiltakene som gir størst positiv effekt på tilstanden, og som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer, prioriteres.

Etablerte skjøtselstiltak i naturtyper som krever kontinuerlig skjøtsel for å opprettholde god tilstand (løpende skjøtsel), skal prioriteres høyere enn oppstart av nye skjøtselstiltak. Det finnes likevel tilfeller der nye skjøtselstiltak bør prioriteres. Dette gjelder for eksempel der det oppdages forekomster av fremmede arter med stort spredningspotensiale der truede arter eller naturtyper står i fare for å gå tapt.

I verneområder der verneformålet trues av manglende skjøtselstiltak, og der det er behov for oppstart av tiltak umiddelbart, vil slike tiltak prioriteres foran besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet. Et unntak her er sikkerhetstiltak knyttet til besøksforvaltning. Tiltak for å styrke besøksforvaltningen kan eventuelt gå parallelt med nødvendige skjøtselstiltak. - - -»

Målet med forvaltningen av verneområder er å redusere trusler mot verneverdiene slik at verneformålet ivaretas.

Strategien for å nå dette målet er å prioritere tiltak som retter seg mot en bedre tilstand i verneområdene. Tiltakene skal redusere trusler mot verneverdiene, og både restaureringstiltak, skjøtselstiltak og informasjons- og tilretteleggingstiltak er nødvendige for å ivareta verneformålet.

Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke trusler mot verneverdiene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Besøksforvaltningstiltak i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Besøksforvaltningstiltak i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Status og gjennomførte tiltak i 2025

Stiltak

- Besseggstien Det er utført synfaring saman med ein representant for Stiskulen i Miljødirektoratet. Med bakgrunn i denne synfaringa vart Lom fjellstyre engasjert for utprøving av vedlikehaldstiltak i eit bratt parti på stien opp frå Memurubu. Det er lagt vassrenner og spalta grussti på ei kort strekning med høg slitasje. Stein og grus til stien vart frakta inn med helikopter. Rapport frå dette arbeidet vil danne grunnlag for planlegging og budsjettering av meir omfattande tiltak som det vil bli søkt om for 2026-27.
- Sti Vetti – Vettismorki: Gammalt rekkverk (stolpar/vaier) på stien opp mot Vettismorki er fjerna og erstatta av nye boltar og kjettingar.
- Knutshøe/Øvre Leirungsdalen: I nært samarbeid med Vågå fjellstyre skulle arbeidet med kanaliseringstiltak i form av gangbaner på blaute parti vidareførast i 2025, men manglande skuterføre sist vinter gjorde at tiltaket må utsetjast til 2026.
- Stiltak i Gjendebuområdet: Lom fjellstyre har utført tiltak med bortleiing av vatn og kanalisering på delar av stiane mot Storådalen og Veslådalen.
- Halvklovningar til bruk på stien mot utsiktspunktet ved Vettisfossen og Vettismorki vart kjøpt inn og transportert opp med helikopter hausten 2025.

Andre tiltak

- Kulturmarkskjøtsel i Utladalen og ved Gjendebu er i stor grad utført i tråd med planar. Skjøtsel Øvre Utladalen ikkje gjennomført pga uføresette hendingar. Skjøtsel ved styrt beite med geitekillingar ved Gjendebu er utført, men noko problem med rømming og manglande tid til oppfølging gjer at ein i samråd med geitebøndene og verten i Gjendebu set prosjektet på pause, i alle fall i 2026.
- Skjøtelsplan Utladalen er teken opp til revisjon og oppdatering. Nytt utkast som låg føre i 2022 er gjennomgått av forvaltarane. Det vil bli nokre spesifiseringar og korrigeringar før planen kan presenterast og sendast på høyring.
- Uttak av framandarten gran blir utført hausten 2025 i Skori i Utladalen, etter at ein stor del av grantrea bles over ende under stormen Amy. Det er omdisponert midlar til skjøtselstiltak i form av opprydding og fjerning av resterande grantre rundt Skori sidan gran er ein lokalt uønska art i området. Det er avtale med grunneigar om gjennomføring.
- Det vart meldt inn behov for basiskartlegging (NiN-kartlegging) i Utladalen. Området kom med i prioritert NiN-kartlegging i 2025. Ventar på rapport.
- I samarbeid med Vågå fjellstyre er den gamle naturstien langs Gjende oppgradert til gjeldande design. Dei store gamle tavlene er erstatta av stolpar med vippepinnar.
- Det vart inngått samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om kartlegging for vurdering av ferdsel – vest-Jotunheimen vinteren 2024/2025 - Oppsett og drift av sjekkpunkt og deling av data. Prosjektet vart gjennomført og vi har motteke data og presentasjon frå møte i nasjonalparkstyret den 16.06.2025.
- Det vart sett opp informasjonsplakatar om villrein og ferdsel i Turtagrø-området i samarbeid med Luster kommune før påske. Skilta vart tatt ned etter skisesongen. Tilsvarande informasjon vart også lagt ut som Obs-varsel på <https://ut.no>
- Det er gjennomført jamleg slått rundt nasjonalparkskilta ved parkeringsplassen i Utladalen.

Vurdering

Det kan søkjast om tiltak til restaurering, kjøtsel, tilrettelegging og besøksforvaltning som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje til rette for verdiskaping innan rammene for vernet. Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlovas kapittel II skal leggjast til grunn ved forvaltning og gjennomføring av tiltak, og visast ved ei konkret vurdering

ved dei enkelte tiltaka i søknadsskjemaet. Alle tiltak skal vidare vera i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument. Det er svært mange som gjestar Jotunheimen/Utladalen. Ein må derfor leggje vekt på tiltak som tek vare på verneverdiane og motverkar slitasje og negative påverknader av bruken. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør også ha høg prioritet. Brukarundersøking frå 2019-20 har gjeve verdfull informasjon om tiltak som blir etterspurt av brukarane.

Tildelte ressursar må i stor grad gå til tiltak for å motverke slitasje på stinettet. Det er ikkje ressursar til å kunne vera særleg aktiv på informasjon og bruk av sosiale media for å spreie informasjon og vera proaktiv i høve til å styre bruk og ferdsel innan verneområda.

Det kan synast som om Jotunheimen får meir tiltaksmidlar enn mange andre verneområde, men tildelingane må også sjåast i samanheng med besøkstalet og sårbar vegetasjon, fugle- og dyreliv, samt viktige geologiske førekomstar som også er ein viktig del av verneformålet. Dersom vi skulle fordelt tildelte tiltaksmidlar på tal besøkande, ville nok dette vist at Jotunheimen har langt mindre ressursar per gjest enn dei mindre besøkte verneområda. Det å kunne førebygge slitasje og press på verneverdiane i dei mest besøkte områda tilseier at ein kvart år må ha ressursar til vedlikehald og opprusting av stinettet, samt nødvendig kunnskapsinnhenting. Tiltak som direkte bidreg til å motverke truslar mot verneverdiar skal ha høgst prioritet. Der vi ser særlege utfordringar knytt til sårbare verneverdiar, burde ein også hatt vesentleg auka ressursar til informasjon, forvaltning og oppsyn.

Nasjonalparkstyret og sekretariat

Ressursar til styret og rådgjevande utval blir budsjettert og meldt inn som i tidlegare år. Det blir budsjettert med inntil 4 fysiske møte. Det blir lagt vekt på å lokalisere dei fysiske møta slik at styret får besøkt alle dei fem nasjonalparkkommunane i løpet av styreperioden.

Ein legg opp til at styret kan ha høve til å delta på synfaringar for å sjå på aktuelle utfordringar der det er behov for gjennomføring av tiltak, dersom styret ønskjer det.

Ein studietur for å sjå på verneområdeforvaltning i eit anna område kunne gje verdifull erfaring og inspirasjon for det vidare arbeidet i styreperioden 2024-27. Ein studietur kan ikkje gjennomførast om det ikkje er tilnærma full tilslutnad, og eitt av styremøta bør samordnast med ein eventuell tur. Tiltaket er avhengig av at ein får ekstra ressurs på styrebudsjettet og at medlemmene ønskjer å prioritere deltakinga. Det blir ikkje gjeve møtehonorar for tida som ein brukar på ein slik tur; berre for eit eventuelt styremøte som blir halde i tilknytning til turen.

Sekretariatsbudsjettet må vera på eit slik nivå at forvaltarane får utført pålagte oppgaver, i samsvar med intensjonane i forvaltningsmodellen og i tråd med styrevedtekter og instruks for forvaltarane. Forventningane om at forvaltninga skal ha god dialog med kommunar, rettshavarar, grunneigarar og andre aktørar i og ved verneområda krev at forvaltarane har ressursar til å gjennomføre nødvendige synfaringar og møte. Arbeidet med skjøtsel, tilrettelegging og oppfølging av konkrete saker krev også at ein kan vurdere tiltaka ute i felt.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Innføring av nytt design i tråd med merkevaren «*Norges Nasjonalparker*» har hatt ei trinnvis gjennomføring i Jotunheimen og Utladalen, i samsvar med løyvingar og kapasitet på personalsida til kvar tid. Den samla tilrettelegginga i tråd med merkevaren er i hovudsak gjennomført, slik at innfallsportane til verneområda har fått ein meir einskapleg profil. Det er skilt ved alle innfallsportane, med unntak av Valdresflye og Bygdin. Ved Bygdin var eit skilt med eldre design. Nytt skilt blir vurdert ved planlagt omlegging av brygge og parkering ved austsida.

Det er viktig å ha ressursar til vedlikehald og nødvendig utskifting av informasjonstavler og skilt ved behov i åra framover, og den nye potten for drift oppretta i 2024 er eit godt bidrag.

Ein eldre natursti frå Avdalen kan med fordel oppgraderast i tråd med merkevaren, men skilta der er enno i bra stand.

Det er viktig å halde tilrettelegginga ved alle innfallsportane ved like og eventuelt supplere med nye tiltak i tråd med besøksstrategien når denne blir revidert. Ved nytt besøkscenter i Fortun vil det verta behov for skilting om nasjonalparken, på lik linje som ved tidlegare definerte innfallsportar.

Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må ha høg prioritet i åra framover. Strategien er nå under revisjon, saman med forvaltningsplanen. Vi er på etterskott i dette arbeidet pga gjennomføring av det nokså krevjande prosjektet med nytt utsiktspunkt ved Vettisfossen og tilhøyrande oppfølging av området rundt, samt større behov for reparasjonar og vedlikehald av stinettet dei siste åra.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar for verneområda er nyttige element ved innfallsportane – jf. resultat av brukarundersøking 2019. Positiv tilrettelegging på utvalde område kan også ha kanaliseringseffekt som kan bidra til avlasting av sårbare område som ikkje bør bli marknadsført. For å kunne skjerme sårbare område mot trafikk i hekke- og ynglesesong på våren, trengst auka satsing på informasjon og dialog med reiselivet. Obs-varsel om sårbare periodar og område blir utprøvd via **ut.no**, i samarbeid med DNT og Miljødirektoratet.

Det er ønskeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleklasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Nettside med nytt design er på plass, og dersom ein lagar temabrosjyrer om t.d. fugl må desse også gjerast tilgjengelege digitalt.

Tiltak som har vore spelt inn tidlegare som ikkje er gjennomført pga. manglande ressursar er temabrosjyrar om dyre- og planteliv. Arbeid med brosjyre for planteliv er sett i gang saman med Norsk fjellsenter. Det er vidare behov for formidling av dyreliv og andre tema som t.d. kulturminne og geologi. Det er for tida for lite ressursar til å drive informasjon slik ein ønskjer.

Ved Krossbu er det i samarbeid med Norsk Fjellsenter etablert geologisti inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Startpunktet for stien vart i 2025 utbetra med miniskilt som forklarte runden på ein tydeleg måte. Forvaltninga dekte utgiftene til nye skilt. Fjellssenteret har også ei natursti mellom Reinsvängen og Gjendeosen, og vår fornying av naturstien langs Gjende følgjer same mal, slik at tilrettelegginga her har fått einskapleg profil.

Ved Turtagrø er det i samarbeid med Luster kommune sett opp mellombelse «varsomheits-plakatar» før påske med informasjon om å vise omsyn til villrein, og å hugse bandtvang. Plakatane er utarbeidd i samsvar med merkevaren for Norges nasjonalparker.

Det kan også vera andre område i randsonen som kan vera aktuelle for tilrettelegging med naturinformasjon.

Dei besøksretta heimesidene, www.jotunheimen.info må tilpassast og oppdaterast med informasjon om Utladalen nasjonalparksenter og Fortundalen besøkscenter, samt oppdateringar på praktisk informasjon om bussruter og liknande som endrar seg over tid.

Personalressursar med særleg kompetanse på digitale informasjonskanalar er nødvendig om ein skal kunne møte besøkande på ein meir aktiv måte; jf. sak 49/2022 i NP-styret.

Stiltak

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda rundt dei mest profilerte turmåla – Besseggen/Gjende,

Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. T.d. inn mot Bøverbreen frå Krossbu er det ein del våte parti med behov for gangbaner ut over dei som alt er lagt ut. I andre område kan stepstones vera eit godt alternativ. Val av løysing er avhengig av tilgang på stein og forholda på staden. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn og nedbør.

Stirapportar 2024 og 2025 om Besseggstien frå Lom fjellstyre og tilbakemeldingar frå Besseggen-patroljen viser at det er nødvendig med relativt omfattande vedlikehald og oppgradering av Besseggen-stien, særleg på parsellen opp frå Memurubu.

Stien har omfattande slitasje, og det store tiltaket i 2026 vil vera i øvre parsell frå Memurubu rett før ein kjem inn på høgda i området ved kommunegrensa mellom Lom og Vågå:

Stiltaket vil bli planlagt i tett samarbeid med fjelloppsynet i Lom, som utførte forprosjekt på stien i 2025. Det er mogleg at satsinga må gå over 2-3 år, avhengig av kor mykje midlar ein kan få tilført det enkelte året. Her blir det søkt om eit større beløp for å utføre nødvendige tiltak, inkludert helikoptertransport av grus og stein.



Foto Tilde Øyjordet (Henta frå rapport september 2025 frå Lom fjellstyre)

Vågå fjellstyre har kartlagt slitasje og behov for tiltak på stien langs Knutshøe i Øvre Leirungsdalen, og det er kjøpt inn gangbaner og smidde bindhakar til klopplegging av blaute parti. Første delprosjekt utført i 2024, og var planlagt vidareført i 2025, i tråd med definert behov for tiltak i rapport juli 2024 frå Vågå fjellstyre og avtale med fjellstyret. Tiltaka er nødvendige for å hindre at stien spreier seg utover i dei blaute partia, og gjev samtidig ei betre turoppleving. Del 2 utsett til 2026 pga manglande skuterføre i 2025.

Stiltak Vettismorki

Ferdsestellar på stien opp frå Vetti viser i 2025 at tal besøkande har gått ned i forhold til fjoråret. Plassering av teljaren ser ut til å ha verka inn. Ved oppsetting våren 2025 vart teljaren flytta lenger inn på stien opp frå Vetti. Dvs. at det høge besøkstalet frå 2024 kan ha vore for høgt. Det er derfor ønskjeleg å halde fram teljinga i dette punktet.. Tilrettelegginga oppe ved utsikten er vurdert som robust nok til å tole auka trafikk, men må følgjast opp med jamleg tilsyn. Stien oppe på plataået går dels i vått terreng, og utlegging av gangbaner vil hindre at stien spreier seg ut over eit større parti etter kvart som underlaget blir trakka opp.

Andre stiltak for seinare oppfølging

Det er viktig å registrere slitasje og behov for tiltak fortløpande, slik at ein har grunnlag for å følgje opp med tiltak i tråd med registrerte behov og tilgjengelege ressursar.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i arbeidet med forvaltningsplan. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsgrunnlag for revisjon av forvaltningsplanen. Samtidig endrar ferdselsmønsteret i områda seg stadig, auka besøk og utvida sesongar. Dvs. at det er behov for ferdselsregistreringar særleg i området med sårbar natur som villrein og hekkelokalitetar for rovfugl. Kunnskapsgrunnlaget om villrein i Vest-Jotunheimen er oppdatert gjennom arbeidet med kvalitetsnorm for villrein.

I samband med revisjon av forvaltningsplanen har ein sett i gang arbeid med kartlegging av organisert ferdsel / guiding i verneområda. Nordplan i Vågå er engasjert til dette arbeidet.

Det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskjeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande. Kapittel om kulturminne i forvaltningsplanen vil gje føringar.

Ettersom breane smeltar tilbake ser vi også behov for å få samla kunnskapen om sårbare geologiske førekomstar og verdsetting/prioritering av desse. Med tanke på formidling vil det også vera svært nyttig å få gode skildringar av korleis spesielle førekomstar har oppstått. Ein samlerapport med kartsildringar, lidarfoto, tidfestingar, og prioriteringar vil vera svært nyttig, både med tanke på handsaming av dispensasjonssaker, planlegging av tiltak/tilrettelegging og formidling av naturverdiane. «*Særprega geologiske førekomstar*» er ein viktig del av verneformålet i nasjonalparken og tilsvarande er «*brear og geologiske avsetningar som utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*» og «*særprega landskapsformer*» viktige delar av verneformålet i landskapsvernområdet, på lik linje med t.d. leveområda for villrein.

Brukarundersøking

Brukarundersøkingar for Jotunheimen har vore gjennomført i 1992, 2002, 2010 og 2019. Analysane av brukarundersøkingane er oppsummert i sluttrapportar frå 2020, og desse innheld nyttig kunnskap for revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi.

Besseggen som Nasjonal turiststi

Brukarrapporten har vore viktig i arbeidet med prosjektet *Besseggen som Nasjonal turiststi*. Nasjonalparkforvaltar ved knutepunktet i Lom er med i styringsgruppa, og representerte Besseggen på samling for Nasjonale Turiststier i Brønnøysund i oktober 2025. Av turmåla som inngår i det foreløpige nettverket for aktuelle nasjonale turiststiar, er Besseggen den einaste som ligg i ein nasjonalpark, og det er derfor viktig at forvaltninga deltek aktivt i prosessane her. Besseggen fekk formell status som Nasjonal turiststi i 2023. [Nasjonale turiststier - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no/nasjonale-turiststier)

Skjøtsel (skjøtselsbudsjettet som før låg hos SNO blir overført forvaltninga frå 2026): Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtselstiltaka er omfattande, og har gått over fleire år. Framlegg til skjøtselsplan har vurdert dei ulike skjøtselsområda i Utladalen. I planen er områda gitt ein verdi, og vidareføring av pågåande skjøtsel er tilrådd. Også Strategi for bruk av tiltaksmidlar understrekar at «*Etablerte skjøtselstiltak i naturtyper som krevjer kontinuerlig skjøtsel for å oppretthalde god tilstand (løpende skjøtsel), skal*

prioriteres høyere enn nye, større prosjekter». Nasjonalparkstyret fekk utarbeidd framlegg til revidert skjøtelsplan i 2022. Informasjonsmøte og høyring er under planlegging.

Slåttemarker, naturbeitemarker, dei gamle styvingstrea og kantsoner i kulturlandskapet er heim for svært mange trua planter, insekt og sopp. Desse naturtypene og kulturlandskapet er ein viktig del av verneformålet for Utladalen LVO. I følgje Strategi for bruk av tiltaksmidlar har trua naturtypar prioritet ved bruk av tiltaksmidlar. Slåtteeng er ein slik trua naturtype.

 2. Begrenset bruk av drone for korte filmopptak i samme område Tiltaket har kort varighet, begrenset omfang og planlegges gjennomført med høy grad av hensyn til natur, dyreliv og øvrige brukere. Produksjonen vil samtidig bidra positivt til lokal verdiskaping og internasjonal profilering av norsk natur

Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av reviderte vedtekter gjeldende fra 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14 har et generelt forbud mot motorferdsel i nasjonalparken (§ 3 pkt. 6.1).

§ 3 pkt. 7.3 har forbud mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Miljødirektoratet støtter tolkning om at «og liknande» omfatter droner.

Det er ikke spesifiserte unntaksregler for bruk av snøscooter eller drone i forbindelse med produksjon av spillefilmer eller underholdningsprogrammer, og søknad om dispensasjon må derfor behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfoldlovas § 48.

Naturmangfoldlova

Naturmangfoldlova § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må være oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikke gis om vilkårene er oppfylt. Skjønn og instruks fra overordna myndigheter spiller også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikke brukes for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfeller som ikke var vurdert på vernetidspunktet.

Formålet med vern av nasjonalparken er *«- - - å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - -
- - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Alle dispensasjoner skal også vurderes etter prinsippene i naturmangfoldlovas §§ 8-12.

Miljødirektoratets veileder M106-2014 - Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter - viser bl.a. til følgende når det gjelder bruk av § 48 som unntaksbestemmelse:

Det følger av forarbeidene til naturmangfoldloven at den generelle dispensasjonsbestemmelsen i § 48 ikke kan anvendes for å utvide den rammen som er trukket opp i vernevedtaket. Bestemmelsen skal være en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle/særskilte tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet. - - -

I vurderingen av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant.

Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ påvirkning på verneformålet.

Mange små inngrep kan over tid få store konsekvenser for verneformålet. Dersom det er mange eksisterende inngrep i et verneområde, vil den samlede belastningen på verneverdiene lettere kunne medføre at et tiltak eller en aktivitet vurderes å være i strid

med verneformålet. Det følger av prinsippet om samlet belastning i naturmangfoldloven § 10 at en påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastningen som økosystemet er eller vil bli utsatt for. Dette innebærer at også planlagte tiltak vil ha betydning i vurderingen. Det må derfor vurderes hva som blir summen av belastningen på naturmangfoldet som følge av det omsøkte tiltaket, og andre kjente tiltak, nå og i fremtiden.


Ved usikkerhet om tiltakets virkninger for naturmiljøet skal det legges vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfoldloven § 9. Det er også viktig å være oppmerksom på at selv om det omsøkte tiltaket eller aktiviteten ikke har direkte negativ betydning for verneverdier, kan tiltaket generere annen virksomhet som kan medføre skade.

Vilkåret om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer en mer konkret vurdering av de enkelte verneverdiene som omfattes av verneformålet. I verneområder hvor verneformålet er bredt og mer generelt formulert vil man ofte måtte gå nærmere inn i forarbeidene til vernevedtaket for å finne mer informasjon. Verneverdiene som inngår i verneformålet er ofte nærmere beskrevet i den kongelige resolusjonen eller andre grunnlagsdokumenter. Hvilke verneverdier som berøres avhenger av den faktiske situasjonen og miljøtilstanden på det tidspunkt søknaden blir behandlet.

Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidig eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak. Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser. Ved usikkerhet om virkningene tiltaket eller aktiviteten kan ha for verneverdiene, bør føre-var-hensyn tillegges stor vekt i vurderingen.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet fra 2008 blir brukt som veiledende dokument til ny revidert plan er godkjent. Kartutsnittet under viser sonedelinga i forvaltningsplanen:



Forvaltningsplanen deler inn verneområdet i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tas det sikte på å bevare områdene markert med

grønt på forvaltningsplankartet mest mulig uforstyrret. Sonene gjelder både for tekniske inngrep og for ulike aktiviteter som for eksempel motorferdsel, bruk av droner m.m. Østre del av Gjende ligger innen Teig 6 – *Gjende aust-/Besseggen-/Besshø-området*.

Dette er såkalt brukssone med bl.a. følgende føringer i overordna strategi i kap. 6.3.2.: *«Det er store naturkvaliteter i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern. - - I nokre område i brukssona kan det gjevast løyve til ulike arrangement, sjå omtale under teiginndeling - - -»*

Kap. 8.15.5 Dispensasjonspraksis pkt. h) gir følgende føringer for motorferdsel i forbindelse med kommersielle formål som underholdningsfilmer o.l.:

h) løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.

Forvaltningsplanen åpner ikke for reklamefilming, og har klare føringer for at spillefilmer o.l. også bør legges utenom verneområdene.

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikke kan brukes for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, så det er svært viktig å vurdere presedensvirkningen nøye.

Det blir satt tydelig skille mellom de sårbare grønne sonene og de mer robuste områdene vist med gult i forvaltningsplanen, men også i gule soner er det viktig å unngå at det på sikt blir så mange unntak at det uthuler forbudet som er tydelig uttrykt i verneforskrifta for nasjonalparken. I vurderingene her blir det lagt vekt på om de aktuelle områdene tåler markedsføringa som filmen bidrar til, og om aktivitetene i seg sjøl vil gå vesentlig ut over verneverdiene. Vi ser også på om produksjonen kan nå et bredt publikum og om innholdet i filmen formidler området på en måte som er i tråd med bruken av verneområdet.

Likebehandlingsprinsippet gjør at det kan bli vanskelig å sortere mellom de mange aktørane som ønsker å filme innen nasjonalparken. Kommersielle produksjoner som krever bruk av motoriserte hjelpemidler søkes fortrinnsvis lagt utenom verneområdet. Enkelte ganger kan det være vanskelig å finne en lokalitet som gir det riktige uttrykket, og det ble f.eks. i 2021 gitt dispensasjon i samme området for filming av scener til familiefilmen «Tre nøtter til Askepott».

En ser etter hvert at stadig flere film- og TV-produksjoner ønsker seg til det storslåtte fjellandskapet i Jotunheimen, og en står i fare for at det skapes uheldig presedens dersom en fortsetter med behandling av flere enkeltsaker framfor å ta en overordna diskusjon om mulige filmlokasjoner gjennom revisjon av forvaltningsplanen.

Vurdering

Innspillinga kan bidra til markedsføring av området, og innspillingsperioden kan være et positivt bidrag i en ellers stille periode for de lokale bedriftene. Det er søkt om innspilling i perioden januar-februar, med en aktivitetsperiode på ca. 5 dager.

Aktiviteten skjer i utkanten av verneområdet, innen sone i forvaltningsplanen der en har åpnet for enkelte dispensasjoner. Spillefilmen «3 nøtter til Askepott», som fikk tillatelse til noe motorferdsel i 2021, formidlet en historie med nærhet til naturen og hadde en særlig begrunnelse for å kunne filme noen scener med det dramatiske landskapet som en finner nettopp ved Gjende. Også ved en tidligere anledning har samme område vært brukt til filming av scene i villmark på vinteren. En ser at området er attraktivt som lokasjon for ulike

filmoppdrag, og dette gjør at en nå må stoppe opp og vurdere om en er i ferd med å gradvis endre holdningen til motorferdsel og dronebruk i forbindelse med filmproduksjoner dersom en fortsetter å gi flere enkeltdispensasjoner. En slik endring bør ikke komme som følge av en rekke enkeltvedtak, men dersom nasjonalparkstyret ønsker å åpne området i østre del av Gjende for denne typen aktivitet, må det heller avklares med Miljødirektoratet om en kan ha dette som mulig sone for nærmere angitte filmoppdrag i forbindelse med revisjon av forvaltningsplanen.

Det er i foreløpig dialog med søker anmodet om å finne et alternativt område utenom nasjonalparken, men det er i begrunnelse for valg av lokasjon vist til at Gjendeisen er den mest egnede lokasjonen pga. lysforholdene, jf. utdrag av pkt. 3 i søknaden: « - - - *Produksjonen krever skygge, og sørsiden av Gjendeisen ligger slik til at solen ikke kommer over fjellene i den aktuelle perioden. I tillegg gir isflaten på Gjende og fjellene rundt storslåtte, åpne omgivelser som passer filmens visuelle uttrykk.*»

Det er ingen tvil om at landskapsrommet ved Gjende vil gi spesielt flotte bilder, men det i seg selv er ikke nok til å si at en dispensasjon innen nasjonalparken er nødvendig. Det er flere islagte vann i Sjødalsområdet som ligger utenom nasjonalparken.

Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfold og bruk av området ved Gjende er godt. Begrensa snøscootertransport på isen i utkanten av nasjonalparken i en kort periode i januar/februar vil i liten grad påvirke dyrelivet eller andre brukerinteresser i verneområdet. Det same gjelder for bruk av drone i korte tidsrom.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilsier at det føres en streng praksis når det gjelder motorferdsel og bruk av drone i verneområdet. Innspillingsperioden i seg selv blir ikke vurdert å gi vesentlig negativ belastning på naturmangfoldet. En film som bidrar til å promotere sledehundkjøring inn i nasjonalparken kan imidlertid bidra til økt belastning på sikt.
- Etter § 10 «*Økosystemtilnærming og samlet belastning*» skal et vedtak vurderes opp mot samla påvirkning, om en dispensasjon kan skape presedens, og dermed bidra til gradvis forringing av området og uthuling av verneforskrifta. En ser at Gjende har beliggenhet og landskapskvaliteter som gjør at det er svært attraktivt å filme ulike scener og aktiviteter på isen her, og en innser at det må påregnes flere kommende søknader av lignende karakter. Vilåårene for bruk av nml § 48 tilsier at denne unntakshjemmelen bare kan brukes i særlige tilfeller og der det vurderes at et vedtak ikke skaper uheldig presedens.
- Nml. §§ 11-12 er ikke vurdert i denne saka da det er innstilt på avslag på søknaden.

Konklusjon:

Forvaltningsplanen forutsetter i utgangspunktet at denne typen innspillinger legges utenom verneområdet. En tillatelse vil kunne skape uheldig presedens, da en ser at flere ønsker å bruke det flotte landskapsrommet ved Gjende som filmlokasjon. Det anses ikke å være hjemmel til å gi dispensasjon til gjennomføring av tiltaket etter naturmangfoldloven § 48 første ledd, første alternativ, da presedensvirkningen vil medføre en uthuling av verneforskrifta på sikt. Filming på Gjendeisen kan ikke betegnes som enkeltstående aktivitet, da en må påregne flere lignende søknader i framtida.

Det vises til utdrag av Miljødirektorates veileder om vilåårene for bruk av nml 48 som unntakshjemmel: «*Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidig eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak. Bestemmelsen gir også klar anvisning på at hensynet til verneverdiene skal være overordnet for eksempel næringsinteresser.*»

Arkivsaksnummer: 2025/12291-2

Saksbehandlar: Eldrid Nedrelo

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2025	28.11.2025

Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2025 - Riving av eksisterande bru og oppføring av ny bru - Gravdøla - Årdal Turlag

Innstilling frå forvaltar

Årdal Turlag får med heimel i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3 d) løyve til å sette opp ei ny bru i Gravdalen med plassering slik det er opplyst om i kart vedlagt søknaden.

Det er lagt særleg vekt på at den nye brua erstattar den gamle brua, og tiltaket vil ikkje vere i strid med verneformålet eller verneverdiane.

Dispensasjonen er gjeven med følgjande vilkår:

- Den nye brua skal byggast i tråd med opplysningar gjeve i dispensasjonssøknaden frå Årdal Turlag.
- Brua har ei lengd på inntil 20 m og ei breidd på inntil 2 m.
- Brua skal byggast med materiale som grånar naturleg, som oppgitt i søknaden.
- Fundamenta er tre laftekassar (bolverk), ein på kvar side og ein i midten. Kassane skal fyllast med stein. Mellom kassane blir det lagt stolpar, to i breidda. Øvest er det flakar som kan fjernast før vinteren.
- Før tiltaket blir sett i verk, må det må avklarast med forvaltningsmyndigheita om det skal brukast stadeigen stein, og kvar den ev. kan hentast. Sinking av stein må skje manuelt.
- Den gamle brua skal fjernast frå området.
- Det skal ryddast opp etter avslutta arbeid, og alt overflødig materiale, avfall og utstyr osv. skal fraktast ut av verneområdet.
- Ut frå føre-var-omsyn (naturmangfalslova § 9) må all motorisert transport planleggast til etter 31. juli, etter den mest sårbare tida for hekkande rovfugl.
- Ein rapport frå gjennomføringa av arbeidet skal sendast til nasjonalparkstyret v/nasjonalparkforvaltar etter ferdigstilling og seinast 15. november 2026.
- Alle som skal jobbe med bruprojektet skal vere kjende med innhaldet i dette brevet.
- Ev. avvik frå planteikningane og tidspunkt for gjennomføring av tiltaket skal avklarast med forvaltar på førehand.
- Årdal Turlag står som eigar av brua, og er ansvarleg for vedlikehald.

Gravdøla er del av Utlavassdraget som vart verna gjennom verneplan III for vassdrag. Tiltaket må derfor avklarast med NVE som vassdragsmyndigheit for verna vassdrag. I

tillegg må det innhentas løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag frå Vestland fylkeskommune (tiltak oppstraums anadrom strekning, innlandsfisk), samt løyve etter plan- og bygningslova frå Årdal kommune. Det må innhentas eige løyve til motorferdsel frå forvaltningsmyndigheita når aktuell tidsperiode for gjennomføring er planlagt. Motorisert ferdsel i utmark må også vere godkjent av kommunen, som forvaltningsmyndigheiti etter motorferdsellova. Søkjar har opplyst om at tiltaket er godkjent av grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om flytting og ny bro i Gravdalen ved e-post frå Årdal Turlag av 30.10.2025.

Saksopplysningar


Søknaden

Årdal Turlag har i dag ansvaret for tre sel på fjellstølen i Gravdalen, Årdal kommune. Alle tre sela har DNT lås. Det ble i 2025 registrert 260 overnattinger.



Bilde 1: Stølen Gravdalen med de tre selene.

Hovedtrafikken til stølen kommer fra Utladalen via Avdalen (fra sør-øst). Det er også sti/ferdsel fra nord-vest som kommer fra Fardalen (stølsvegen). I tillegg er området utstrakt brukt til både jakt og bærplukking.



Bilde 2: Kartutsnitt fra UT.no. Det er merka sti til stølen i Gravdalen både fra sør-øst og nord-vest.

Det har tidligere vært bro som krysser Gravdøla like ved stølen. Denne broen har blitt tatt av ismasser to ganger de siste to årene. Dette selv om det har vært gjort en innsats med å både bygge opp bro-karene samt å sikre stokker med wire.




Bilde 3: Bilde av stølen i Gravdalen sett fra nord-vest. Her er broen som krysser Gravdøla med i nedre venstre hjørne. Det er denne broen som flere ganger er blitt tatt av is-masser og som nå altså er borte.

Etter den siste hendelsen der både bro og bro-kar forsvant er det blitt diskutert i turlaget og dugnadsgjengen som holder stølen i Gravdalen ved like hva som bør gjøres videre.

Konklusjon er at man ønsker flytte krysningspunktet på elva til lenger fram i dalen der det fremkommer på kartet at man skal krysse. Broa er tenkt plassert på sør-enden av granden der det er naturlig å gå når man går stølsvegen fra Fardalen. Broen som tidligere var like ved stølen vil ikke settes opp igjen. Det er fire hovedargumenter for dette;

- Det bør absolutt være en bro over Gravdøla med tanke på person-risiko. Elven er ofte for stor til at man kan vade på sikkert vis.
- Foreslått punkt for bro er tilsvarende som oppgitt på kart.
- Det er mye mindre sannsynlighet for at broen kan bli tatt av is-masser her.
- Medfører ingen negativ endring i forhold til villrein.


Broen vedlikeholdes i regi av Årdal Turlag.



Bilde 4: Kartutsnitt fra UT.no. Foreslått punkt for oppsetting av bro.



Bilde 5: Kartutsnitt fra UT.no. Foreslått punkt for oppsetting av bro.




Bilde 6: Foreslått punkt for oppsetting av bro.



Bilde 7: Foreslått punkt for oppsetting av bro. Bildet tatt retning sør-vest.

Det er oppgitt koordinatar for plassering av brua i søknaden.

Broen man tenker å sette opp baserer seg på tre fundamenter, stokker og flaker. Fundamentene er tre laftekasser (bolverk), en på hver side og en i midten. Kassene skal fylles med stein. Mellom kassene legges stolper, to i bredden. Øverst er det flaker som kan fjernes før vinteren.



Bilde 8: Forslag til bro.

Fundament: Bolverk fylt med stein

Material: Rundstokker fra Årdal Energi

Dekke: Lemmer/flaker av impregneret plank som kan løftes av

Det er behov for helikoptertransport. Dette vil være etter 1.juli 2025, da i samråd og med godkjenning fra relevante parter.

Grunneier godkjenner tiltaket.

Høyringar av saka

Med bakgrunn i at tiltaket ligg innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde vart saka sendt til Villreinnemnda for Sogn og Fjordane og Vest-Jotunheimen villreinutval til uttale.

Villreinnemnda gjev slik tilbakemelding: «*Saka vart vidaresendt til arbeidsutvalet til Villreinnemnda. Nemnda har ingen merknader til tiltaket.*

Villreinutvalet har ikkje gjeve tilbakemelding om deira standpunkt til søknaden.

Søknaden vart også sendt til Statsfovaltaren i Vestland då tiltaket berører området som er meldt oppstart for prosessen med utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Statsforvaltaren i Vestland gjev slik tilbakemelding ang. tiltaket:

«Naturmangfaldlova § 44 regulerer korleis ein søknad om løyve til tiltak inne i eit område som inngår i eit kunngjort verneforslag kan behandlast. Her er fyrste ledd i § 44: «*Når det er foretatt kunngjøring etter § 42 kan et forvaltningsorgan uten videre avslå en søknad om tillatelse mv. til et tiltak i et område som inngår i verneforslaget. Tillatelse kan bare gis dersom tiltaket er uten nevneverdig betydning for forslaget. Når vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig kan Kongen likevel gi tillatelse til tiltaket.*»

I kommentarutgåva til naturmangfaldlova (Lorange Backer) heiter det at «*Etter annet punktum kan det forvaltningsorgan som avgjørelsen til vanlig hører under, bare gi tillatelse dersom tiltaket er uten nevneverdig betydning for verneforslaget. Det kan f. eks. være at tiltaket skal foretas i utkanten av det kunngjorte området eller i en del av det som etter den foretatte vurdering ikke vil bli omfattet av verneforskriften, at det gjelder et bagatellmessig inngrep eller at det gjelder et tiltak som ventelig vil bli tillatt etter verneforskriften.*»

Brubygginga er eit tiltak det kan givast løyve til dersom verneforma endrast, sidan oppsetting av bruer er noko forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til etter § 3.1.3 d) i noverande verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark. Det er heller ikkje signalisert at verneprosessen skal føre til eit strengare restriksjonsnivå for denne typen tiltak i verneforskrifta for Jotunheimen. Dermed vil dette vere innanfor tiltak som er utan nemneverdig betydning for forslaget, noko som gjer at styret kan behandle saka.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av reviderte vedtekter gjeldende fra 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Formålet med Utladalen landskapsvernområde er «*å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

– *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*

– ---

– *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslier*

til høg fjell og artar knytte til desse.

– særprega vassdragsnatur og landskapsformer.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

§ 3. Vernereglar

§ 3 pkt. 1.1 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde set eit generelt forbod mot inngrep i landskapet:

«I landskapsvernområdet må det ikkje gjerast tiltak som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg. Det skal leggjast vekt på den samla verknaden av tiltak i området. I landskapsvernområde er det innafor ramma av vernereglane høve til å utøve landbruk, friluftslivturisme, jakt og fiske, undervisning og forskning.

1. Landskapet

1.1 Inngrep i landskapet


Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretingar, .. bygging av bruer og klopper, .. Opplistinga er ikkje uttømmmande.»

Etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til

d) Bygging av bruer og legging av klopper.

Forvaltningsplan (retteleiande utkast frå 2008)

Forvaltningsplanen deler verneområdet inn i ulike soner etter grad av tilrettelegging, og gjennom differensiert forvaltningspraksis tek ein sikte på å ta vare på områda markert med grøn farge i forvaltningsplankartet mest mogleg uforstyrra. Sonene gjeld både for tekniske inngrep og aktivitetar. Kartutsnittet under viser at den aktuelle brua ligg i grensa mellom gul brukssone teig 11 og grøn vernesone teig 4.



Forvaltningsplanen seier bl.a. dette om desse kategoriane:

Gul brukssone teig 11:

– «Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

– «Overordna strategi for sona:

Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. - - -»

Grøn vernesone teig 4:

.. «Området som er avgrensa i teig 4 Hurrungane, framstår i dag som eit i hovudsak utørt og ikkje tilrettelagt naturområde.»

Retningslinjer:

«Inga ny tilrettelegging eller inngrep. Det skal takast særskilt omsyn til villreinen i området.»

Kap. 8.5 Tilrettelegging for ferdsel – merking av fotturruter

«Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga. meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheiter i å krysse elvar.»

Retningslinjer:

«... Bruer vil få løyve langs T-merkte stiar der dette er naudsynt. Bruer skal vere i diskret material- og fargeval og med ei utforming som gjer at dei går best mogleg inn i terrenget. Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.»

Turen frå Skihytta i Fardalen via Åsete til stølen i Gravdalen er ikkje T-merka.

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggst til grunn ved utøving av offentleg myndigheit, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Presedens

Det er etablert praksis å gje dispensasjon til fornying av eksisterande tilrettelegging for ferdsel. Turlaget skriv i søknaden at det tidlegare har vore ei bru som kryssar Gravdøla like ved stølen. Denne brua er teken av ismassar to gonger dei to siste åra, trass i at ein har gjort førebyggjande tiltak med både å bygge opp bru-kara og å sikre stokkar med wire. Vidare er det i grunngjevinga for ny plassering av brua m.a. vist til at det bør vere ei bru over Gravdøla av sikkerheitsmessige omsyn. Elva er ofte for stor til å kunne vadast trygt. Dessutan er den føreslåtte plasseringa av ei ny bru i samsvar med kryssningspunktet over Gravdøla som er oppgitt på kart. Det blir også vist til at det er mindre sannsyn for at brua kan bli teken av ismassar her. Med bakgrunn i grunngjevinga for søknaden verkar omsøkt plassering å vere ei god løysing i dette tilfellet, og plasseringa peikar seg ut som den einaste fornuftige. Vi kan derfor ikkje sjå at oppføring av ei ny bru med omsøkt plassering vil skape uheldig presedens i andre saker.

Vurdering

Tiltaket er vurdert å vere i tråd med utkast til forvaltningsplan, som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom merking av stiar og bygging av bruer der dette er nødvendig. Av omsyn til friluftslivet i området er det behov for eit kryssningspunkt over elva Gravdøla slik det er grunngjeve i søknaden (sjå også avsnittet om presedens over). Måla på den nye brua må tilpassast ny plassering og nøyaktige mål er oppgitt i søknaden. Etablering av ei ny bru vil sikre trygg forankring og ferdsel, på og ved brua. I 2025 er det registrert 260 overnattingar på Gravdalsstølen. Hovudtrafikken til stølen kjem frå Utladalen via Avdalen (frå sør-aust). Det er også noko ferdsel på umerkt sti frå Skihytta i Fardalen via Åsete og til Gravdalsstølen. Elles er området mykje brukt til både jakt og bærplukking. Ved oppføring av ny bru er det ikkje eit mål i seg sjølv å bidra til auka ferdsel i området, men å få eit godt og mest mogleg trygt kryssningspunkt for den ferdsla som allereie er i området.

Forvaltninga meiner at utforminga av brua er god av omsyn til behovet og tryggleik. Med dei utfordringane som har vore med isgang der den gamle brua var plassert, fell det naturleg å legge ei ny bru til staden der kryssningspunktet går fram av turkart (inkl. Norgeskart), særleg når dette er ei god plassering der sannsynet for at brua skal bli tatt av ny isgang er liten. Ut frå teikningane som ligg ved søknaden og dei naturgjevne forholda på staden, vil brua bli lite synleg i landskapet.

Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert (jf. naturmangfoldloven § 8), bl.a. gjennom Naturbase, sårbarhetsvurdering i området Vest-Jotunheimen/Utladalen (Kistefoss Skogtjenester 2018) lang tids forvaltingspraksis. Byggearbeidet er planlagt etter 1. juli. Ut frå føre-var-omsyn bør arbeidet der det er planlagt helikoptertransport leggst noko seinare til etter den mest sårbare tida for hekkande rovfugl, til etter 1. august. Det aktuelle området er innafor leveområdet for villrein. I følgje kunnskapsgrunnlaget i Kvalitetsnormen for villrein ([Delnormtrevest-jotunheimen | Villrein](#)), er Gravidalen sommar- og haustbeiteområde for villrein. Området er rekna som del av kjerneområdet for bukk sommarstid. Villreinnemnda har ikkje merknader til tiltaket. Det er ikke registrert kulturminner i området. Ut frå føre-var-omsyn blir det tilrådd at byggeaktivitet og transport blir planlagt gjennomført tidleg om hausten, etter den mest sårbare tida for hekkande rovfugl. (jf. naturmangfoldlova § 9). Det er ikkje registrert raudlista artar i det aktuelle området, og sidan den nye brua erstattar ei eksisterande bru, medfører ikkje tiltaket nye inngrep i området.

Forvaltningsmyndigheita følgjer ein generelt streng praksis for byggetiltak. Ny bru skal erstatte eksisterande bru som blir tatt bort, og som blir ført opp på ny stad i grensa mellom brukssone og vernesone. Akkurat i dette punktet er det umerka sti på staden, likevel er det dette punktet som er merka som krysningspunkt for turruta mellom Fardalen – Åsete og Gravalen i kart. Elva er ofte for stor til at ein kan vade elva trygt, og derfor er det behov for ei bru på staden. Den nye brua skal erstatte den gamle som var plassert noko lenger ned i dalen. Utsifting av brua blir først og fremst gjort for å sikre trygg ferdsel i området. Det er ikkje kjent behov for å flytte andre bruer i området. eller i andre område, og heller ikkje behov for oppføring av nye bruer er kjent. Den samla belastninga er derfor vurdert som akseptabel, og nytteverdien er større enn ulempene (jf. naturmangfoldlova § 10). Søkar bør ta omsyn til fugle- og dyreliv ved å legge helikoptertransport til eig noko seinare tidspunkt, til eit lite sårbart tidsrom på året. Brua vert utforma slik at flakane oppå brua kan takast inn om vinteren. Val av materialar er tilpassa forholda med mykje fuktigheit på staden, og trykkimpregnert materiale er vanleg å bruke i slike konstruksjonar. Brua vil bli forankra med tre fundament, eitt på kvar side og eitt i midten, konstruert som bolverk fylt med stein. Bruk av lokal stein må tilpassast slik at det ikkje syner att i landskapet og slik at det ikkje påverkar verneformål eller verneverdiar nemneverdig (jf. naturmangfoldlova § 12). Før tiltaket blir sett i verk, må det avklarast med forvaltningsmyndigheita kvar det ev. kan hentast stein. Med vilkåra som blir sett for løyvet vil ikkje tiltaket medføre øydelegging av natur, og naturmangfoldlova § 11 blir derfor ikke vurdert nærare.

Isolert sett er det ikkje ønskjleg med nye bygg innanfor verneområdet. I dette tilfellet skal eksisterande bru skiftast ut for å finne ei betre plassering for å vareta tryggleiken for besøkande og for å unngå ny skade på brua. Med bakgrunn i dei vurderingane som er gjort ovanfor, meiner vi at oppføring av ein ny bru litt lenger inn i Gravidalen som erstatning for den gamle brua ved stølen vil vere positivt for utøving av friluftsliv i området.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering meiner vi at det kan gjevast dispensasjon til oppføring av ei ny bru over Gravidøla slik det er søkt om på visse vilkår, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 d). Det er lagt særleg vekt på at tiltaket ikkje vil påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2025/13093-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 24.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	37/2025	28.11.2025

Jotunheimen NP - dispensasjon - 2026 - omlegging av vinterløype Glitterheim - Memurubu - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 e) får DNT Oslo og Omegn dispensasjon for omlegging av den kvista vinterløypa mellom Glitterheim og Memurubu frå og med vinteren 2026, slik det er vist i kartvedlegg til søknaden.

Endringa inneber at vinterløypa blir kvista etter same trase som sommarruta.

Omlegginga skal følgjast opp med oppdatering av løypekartet og god informasjon til turisthyttene i området.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


- Søknad av 20.11.2025 frå DNT Oslo og Omegn.
- Vedtak 30.01.2018 – delvis omlegging av kvista løypa mellom Glitterheim og Memurubu.

Saksopplysningar

Søknaden:

«Mellom Memurubu og Glitterheim har vi i dag ei kvista løype som går over Stygghøbrean som de senere år har begynt å få en del dype sprekker slik at kvisting kan være uforsvarlig langs denne traseen. Det er Knut Vole på Glitterheim og Kjetil Sveine på Memurubu som har giitt tilbakemelding om dette og bedt om at vi forsøker å få flyttet traseen.

Vårt forslag er å få til en ny kvistaløype langs sommerløypa mellom de to hyttene. Se kart.»



Også i 2018 vart det gjort ei delvis omlegging av den gamle vinterløypa pga utfordrande terreng i nordre del av traseen. Dette viser at vinterløypa har utfordringar, og at smelting på breane har forverra situasjonen ytterlegare.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av reviderte vedtekter gjeldende fra 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, set eit generelt forbod mot tilrettelegging i nasjonalparken. I medhald av § 3 pkt. 1.3 e) kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til:
«Oppsetting av skilt, vegvisarpilar, merking av nye stiar og kvisting av nye løyper.»

Forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (2008) har følgjande føringar i kap. 8.7 – *KVISTING AV SKILØYPER*: *«Det er ikkje ønskjeleg å ha kvista skiløyper spreidd over heile området. Nokre område bør vere utan slik tilrettelegging på grunn av den opplevingsverdien urørte område gjev. Ein hovudregel bør vere at dei kvista skiløypene i hovudsak skal følgje sommarrutene, men med tillemplingar m.o.t. tryggleiken.»*

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggst til grunn ved utøving av offentleg myndigheit, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Presedens

Det er etablert praksis å kunne oppretthalde DNT sitt løypenett mellom turisthyttene i nasjonalparken. Det er gjort enkelte endringar av trase der det har vore nødvendig for tryggleiken eller i samband med endra plassering av bruer der det har vore utfordringar med øydelagte bruer pga snøforhold eller flaum/isgang.

Vurdering

§ 3 pkt. 1.2 d) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark opnar for *«Kvisting av løyper i samsvar med forvaltningsplan.»* Den omsøkte endringa frå dagens trasé til bruk av sommartraseen vil vera fullt i tråd med denne føringa i forvaltningsplanutkastet som er brukt som rettleiande dokument: *«Ein hovudregel bør vere at dei kvista skiløypene i hovudsak skal følgje sommarrutene, men med tillemplingar m.o.t. tryggleiken.»* Som det går fram av søknaden så skjer omlegginga av omsyn til tryggleiken.

Endringa vil ikkje medføre endra innverknad på fugle- og dyreliv. Det er ikkje registreringar av hekkelokalitetar for rovfugl eller andre sårbare artar på vinterstid i området for ny trasé – jf. § 8 om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova (nml). Området er ikkje spesielt godt kartlagt, så ved eventuell observasjon av fugl eller dyr under stikkinga er det viktig å halde god avstand for å unngå unødig forstyrning, jf. føre-var-prinsippet i nml § 9. Ein ser ikkje andre element i nml §§ 10-12 som gjev grunnlag for å vurdere den nye traséen annleis enn den eksisterande når det gjeld omsynet til verneverdiar.

Ved omlegging av etablerte traséar er det viktig med oppdatering av løypekart og god informasjon til alle turisthyttene i området. Det er ein føresetnad at også grunneigar aksepterer endringa

ST 38/2025 Eventuelt